

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 01.10.2008
Sakhandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Situasjonen ved akuttpostane/korttidspostane ved Sandviken - Helse Bergen HF**

Arkivsak

2004/601/302

Styresak 086/08 B

Styremøte 17.10. 2008

Bakgrunn

Det har over mange år vore problem med overbelegg og bruk av korridor plassar ved akuttpostane/korttidspostane innan psykisk helsevern i Helse Bergen HF. Det medførte m.a. pålegg og vedtak om tvangsmulkt frå Statens helsetilsyn i september 2007.

Helse Vest RHF la i brev til Helse Bergen HF av 25.09.07 til grunn at det frå 27. september 2007 ikkje skulle vere korridor pasientar ved dei psykiatriske akutt/korttidspostane i Helse Bergen HF.

Frå det tidspunktet og fram til april 2008 har det ikkje vore korridor pasientar og vedtaket om tvangsmulkt blei oppheva i brev frå helsetilsynet av 06.05.08.

I den etterfølgjande perioden har det vore sporadisk bruk av ein korridor plass. Helse Vest RHF påpeika dette i brev av 04.06.08, jf vedlegg.

Situasjonen har endra seg frå september 2008 og det blir her lagt fram sak for styret.

Kommentarar

Helse Vest RHF har ved fleire høve påpeika at bruk av korridor plassar i akuttpsykiatriske einingar ikkje er akseptabelt, jf m.a. styringsdokument til helseføretaka for 2008. I Statens helsetilsyn sitt brev om tvangsmulkt er det lagt til grunn at det vil vere uforsvarleg verksemd dersom pasientar som er lagt inn i akuttpsykiatrien må ligga på korridor.

Med bakgrunn i brev frå Helse Vest RHF til Helse Bergen HF av 25.09.07 og vedtak om tvangsmulkt frå Statens helsetilsyn av 28.09.07 klarte Helse Bergen HF å unngå bruk av korridor plassar fram til april 2008. Frå april til september 2008 har det vore nokre tilfeller kor korridor plass er tatt i bruk.

Helse Bergen HF sette i denne perioden i verk fleire tiltak for å betra tilhøva i akuttpostane. I samarbeid med Bergen kommune blei mange pasientar i DPSa overført til kommunale tilbod og pasientar på sjukehusnivå fekk tilbod på DPSa.

Det er vedteke ein ny DPS-struktur og det blir arbeidd med ei omlegging av tenestetilbodet i tråd med dette. DPSa må styrkast slik at pasientane i større grad kan få sitt tilbod her, også utan å gå vegen om akuttmottaket på sjukehusnivå.

Ei slik løysing er i tråd med føringane i opptrappingsplanen for psykisk helse og vil vere naudsynt for å få ei varig løysing på det presset akuttpostane i dag er utsett for. Det er likevel grunn til å spørje om det er tilstrekkeleg framdrift i dette arbeidet.

Inntil ei slik løysing ligg føre vil det vere ei viss risiko for at akutt/korttidspostane på sjukehuset kan bli overbelasta. Det har over tid vore høge tall for belegg sjølv om ein i hovudsak har klart å unngå å bruke korridorpassar.

Denne risikoen er søkt handtert gjennom bruk av bufferkapasitet (ekstra senger) ved behov.

Situasjonen har nå endra seg slik at det frå og med 2. september har det vore konstant bruk av korridorpassar. Det har i perioden 02.09.08 – 30.09.08 vore mellom 1 og 7 korridorpasientar kvar dag.

Bufferkapasitet er ikkje nytta.

Helse Vest RHF påpeika dette igjen i brev av 09.09.08 til styret i Helse Bergen HF, jf vedlegg. Styret i Helse Bergen blei bedt om å følgje saka opp umiddelbart. Det blei m.a. vist til at Helse Bergen HF skal ha naudsynt beredskap/buffer for å unngå at pasientane må gis tilbod om plass på korridor.

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF understrekar at det ikkje skal vere korridorpasientar i akutt- og korttidspostar i psykisk helsevern.
2. Styret legg til grunn at Helse Bergen HF straks avviklar bruk av korridorpassar ved dei psykiatriske akutt/korttidspostane.
3. Helse Bergen HF skal ha naudsynt beredskap/buffer for å unngå at pasientane må få tilbod om plass på korridor og må sikre framdrifta i utvikling av dei distriktpsykiatriske sentra i tråd med føringane i opptrappingsplanen.
4. Styret i Helse Vest RHF vil be administrerande direktør følgje opp saka overfor Helse Bergen på same måte som det blei gjort i perioden september 2007 til april 2008.

Vedlegg 1 – Brev til Helse Bergen HF, dagsett 09.09.2008

Vedlegg 2 – Brev til Helse Bergen HF, dagsett 04.06.2008